

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i kontrollutvalet – Jølster kommune

Utval: Kontrollutval – Jølster kommune
Møtedato: 08.05.2013
Møtetid: Kl. 12.00
Stad: Møterom 1
Møtenr.: 2/2013

Innkalling: Faste medlemmer i utvalet. Revisor sak 12/13. Rådmannen sak 12/13.

Melding til: Ordfører(møterett), KRYSS-revisjon (møterett) og varamedlemmer (varamedlemmer møter berre etter særskild innkalling).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon eller 951 39 762 eller på e-postadresse: post@sekom.no

SAKLISTE

010/13: Godkjenning av sakliste og møteinnkalling.
011/13: Skriv og meldingar.
012/13: Årsrekneskapen 2012 – Jølster kommune.
013/13: Forvaltningsrevisjon – val av prosjekt - Jølster
014/13: Oppfølgingsliste 2-2013 – Jølster.
015/13: Eventuelt.

Jølster, 29.04.2013

Audun Høyvik (s)
-leiar-


Vidar Øvrebo
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

010/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 23.04.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	08.05.2013	010/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

011/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 23.04.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	08.05.2013	011/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 07-13: Kommunestyrevedtak 006/13 «Plan for selskapskontroll – Jølster kommune», den 05.03.2013.
- SM 08-13: Kommunestyrevedtak 013/13 «Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Jølster», den 05.03.2013.
- SM 09-13: Kommunestyrevedtak 012/13 «Plan for forvaltningsrevisjon», den 05.03.2013.
- SM 10-13: Invitasjon til FKT fagkonferanse kontroll og tilsyn – Gardermoen 5-6. juni.
- SM 11-13: Kommunestyrevedtak 015/13 «Vintervedlikehald», den 23.04.2013.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:



SEKOM- sekretariat
Postboks 338
6802 FØRDE

04.04.2013

Vår ref
SRØ 13/117 - 3

Dykkar ref

Arkiv
200

Løpenummer
13/2140

Plan for selskapskontroll - Jølster kommune - vedtak

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Plan for selskapskontroll Jølster kommune 2012 – 2015» vert vedteke.

Handsaming i Kommunestyret 05.03.2013:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

KST-006/13 Vedtak:

«Plan for selskapskontroll Jølster kommune 2012 – 2015» vert vedteke.

Med helsing


Svanhild Røkenes
Førstekonsulent
57726143



SEKOM- sekretariat
Postboks 338
6802 FØRDE

04.04.2013

Vår ref
SRØ 13/252 - 3

Dykkar ref

Arkiv
210

Løpenummer
13/2142

Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Jølster - melding om vedtak

Rådmannen sitt framlegg til vedtak (kontrollutvalet si tilråding):

- Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Jølster kommune vert godkjent.

Handsaming i Kommunestyret 05.03.2013:

Kontrollutvalet si tilråding vart samrøystes vedteken.

KST-013/13 Vedtak:

- Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Jølster kommune vert godkjent.

Med helsing

Svanhild Røkenes

Svanhild Røkenes
Førstekonsulent
57726143



SEKOM- sekretariat
Postboks 338
6802 FØRDE

04.04.2013

Vår ref
SRØ 13/251 - 3

Dykkar ref

Arkiv
210

Løpenummer
13/2141

Kontrollutvalsak 004/13 Plan for forvaltingsrevisjon Jølster

Rådmannen sitt framlegg til vedtak (Kontrollutvalet si tilråding):

- Kommunestyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Jølster kommune for perioden 2013 – 2016.
- Planen har i utgangspunktet følgende prioritering av prosjekt:
 1. Innkjøpsrutinar. Teknisk sektor
 2. Oppfølging av sjukefråvær
 3. Sikring og bruk av kunst
- Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.

Handsaming i Kommunestyret 05.03.2013:

Kontrollutvalet si tilråding vart samrøystes vedteken.

KST-012/13 Vedtak:


- Kommunestyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Jølster kommune for perioden 2013 – 2016.
- Planen har i utgangspunktet følgjande prioritering av prosjekt:
 - o Innkjøpsrutinar. Teknisk sektor
 - o Oppfølging av sjukefråvær
 - o Sikring og bruk av kunst
- Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.

Med helsing



Svanhild Røkenes
Førstekonsulent
57726143

SM 10-13



FAGKONFERANSE KONTROLL OG TILSYN

GARDERMOEN 5-6. JUNI 2013

ÅRSMØTE I FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN 5. JUNI 2013



www.fkt.no

09.00 – 10.00	REGISTRERING "Noe å bite i"
10.00 – 10.15	Åpning av konferansen. Per Rune Vereide Styreleder i FKT / Nestleder i Sogn og Fjordane fylkeskommune`s kontrollutval.

POLITISK LEDELSE I KRD - TANKER OG FORVENTNINGER.

Møteleder: Per Rune Vereide, styreleiar i FKT

10.15 – 10.45	Nytt fra KRD, forventninger og fremtidstanker. Anja Kristin Salte Hjelseth Politisk rådgiver i Kommunal- og regionaldept.
10.45 – 11.00	Spørsmål og kommentarer fra salen.
11.00 - 11.15	PAUSE

KORRUPSJON, MISLIGHETER OG ANTIKORRUPSJONSARBEID

Møteleder: Wencke Sissel Olsen, nestleder i FKT

11.15 - 11.45	Etikk og antikorrupsjonsarbeid Lise Spikkeland Fagansvarlig for etikk i KS
11.45 - 12.15	Korrupsjon og misligheter – fokusområde i finansiell revisjon? Harald Brandsås Fagdirektør i Den norske Revisorforening (DnR).

12.15 – 13.00	PANELDISKUSJON Spørsmål og kommentarer fra salen.
13.00 – 14.00	LUNCH

BUDSJETTEST I KOMMUNENE – HVA KAN MAN FORVENTE AV ØYRINGSKONFERANSER/DOKUMENTER?

Møteleder: Kirsten Emilie Aasen, styremedlem i FKT

14.00 – 15:00	Budsjettet for kommunene Bjørn Brox - Cand. polit. og bedriftsøkonom. Arbeider som konsulent i Agenda Kaupang - Skribent på siste side i Kommunal Rapport, med budsjett og årsmeldingstest
15.00 – 15.30	DISKUSJON Spørsmål og kommentarer fra salen.

15.30 – 15.45	KAFFEPAUSE / Registrering av årsmøtedeltagere
---------------	---

ÅRSMØTE I FKT.

15.45 – 16.30	ÅRSMØTE I FKT – Se informasjon på baksiden
---------------	--

UTFLUKT

17.30	SOSIALT ARRANGEMENT – BUSS TIL HADELAND GLASSVERK - 250 års erfaring med levende kunsthåndverk - Glassblåsershow - Rusletur i besøkssenteret med tilgang til flere butikker - Middag i «Kokkestua» - Tilbake på hotellet innen kl. 23.00
--------------	---

TORSDAG 6. JUNI 2013.

BESTILLERKOMPETANSE OG MEDIAHÅNDTERING

Møteleder: Siri Holm Lønseth, styremedlem i FKT

09.00 – 10.00	Gode bestillinger av revisjon. Stein Ove Songstad - Hovedansvarlig for forvaltningsrevisjon i Deloitte AS - Medforfatter av Kontrollutvalgsboken og av Veileder i forvaltningsrevisjon
10.00 – 10.15	PAUSE
10.15 – 11.00	Økt oppmerksomhet om kontrollutvalgssakene – hvordan håndtere media? Ole Petter Pedersen Redaktør i Kommunal Rapport
11.00 – 11.30	PAUSE / utsjekking
11.30 – 12.30	LUNCH

HØRING I KONTROLLUTVALGET.

Møteleder: Per Rune Vereide, styreleiar i FKT

12.30 – 13.00	Ja – vi har gjennomført høring! Erfaringer fra Nord-Trøndelag fylkeskommune. Liv Tronstad Kontrollsjef i KomSek Trøndelag IKS.
13.00 – 13.30	Hva må vi være oppmerksom på ved høringer? Wencke Sissel Olsen - Nestleder i FKT - Sekretariatsleder i Rogaland kontrollutvalgssekretariat IKS
13.30 – 13.45	PAUSE
13.45 – 14.15	PANELDISKUSJON Spørsmål og kommentarer fra salen.

SKRÅBLIKK

Møteleder: Wencke Sissel Olsen, nestleder i FKT

14.15 – 14.45	Med skråblikk på kommunesektoren Siri Gedde-Dahl - Journalist i Aftenposten. - Var bl.a. med på avsløring av korrupsjon ved Nedre Romerike vannverk.
14.45 – 14.50	Avslutning av konferansen. Per Rune Vereide Leder i FKT

MÅLGRUPPE FOR KONFERANSEN

Kontrollutvalgsmedlemmer og ansatte i kontrollutvalgssekretariatene. Alle som er opptatt og interessert i kontroll og tilsynsarbeid i offentlig sektor.

PRAKTISK INFORMASJON

- ☐ Konferansehotell: Clarion Hotel Oslo Airport, Gardermoen (Tlf. 63949494)
- ☐ Adresse: Hans Gaarderveg 15, 2060 Gardermoen
- Grå buss fra flyplass til hotell ca. 3 ganger pr. time fra pkt. B25, overfor taxiholdeplassen.
- Gratis parkering. Kontakt resepsjon eller konferansebord for bevis.

INFORMASJON OM ÅRSMØTE

- ☐ Årsmøtet er kun for medlemmer i Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)
- ☐ Medlemmer som har saker til årsmøtet, eller forslag om vedtektsendringer, må sende disse til sekretariatet innen 6 uker før årsmøtet, altså innen 24. april -13.
- FKT's handlingsplan 2014 er en av sakene som spesielt ønskes innspill til innen 24. april -13.
- ☒ Styret sender ut sakspapirene innen 2 uker før årsmøtet, altså innen 22. mai -13.
- ☐ Dersom din kommune / ditt sekretariat ikke er medlem i FKT, men ønsker å møte på årsmøtet med stemmerett, må innmelding skje innen 22. mai -13.
- ☐ Leder i valgkomiteen: Einar Ulla, KUV-sekretariatet i Sogn- og Fjordane fylkeskommune. Kan kontaktes på mobil 97190734 eller e-post einar.ulla@sfi.no
- ☐ Ønske om mer info / bli medlem i FKT? Se hjemmesiden www.fkt.no eller kontakt sekretariatet.

Kontaktinfo til sekretariat:

Tlf: Hogne Haktorson tlf: 55 23 94 53 / 91 10 59 82 / Roald Breistein: 55 23 94 47 / 97 50 51 52

E-postadresse: fkt@fkt.no

DELTAGERAVGIFT

FKT har reservert rom på konferansehotellet. Tildeling ut fra mottatt påmelding (først til mølla).

☒ tagelse med overnatting: Kr. 5.400,- (Ikke medlem kr. 5.800,-)

Deltagelse uten overnatting, sosialt arr. & middag: Kr. 4.300,- (Ikke medlem kr. 4.700,-)

Ekstra overnatting 4 – 5. juni 2013 Kr. 1.300,-

PÅMELDING

- ☐ Påmelding via FKT sin hjemmeside www.fkt.no
- ☐ Bindende påmelding, **innen 18. april 2013.**
- ☐ Ved avbud etter at påmeldingsfristen har gått ut, blir det belastet et administrasjonsgebyr på kr. 500,- + FKT sine eventuelle kostnader til hotellet. Avbud siste 14 dager før konferansen gir full deltageravgift.

SM 11-13



Jølster kommune

6843.Skei i Jølster

tlf. 57 72 61 00

postmottak@jolster.kommune.no

Saksutgreiing

SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	16.04.2013	017/13
Kommunestyret	23.04.2013	015/13

Sakshandsamar: Børge Tvedt	Arkiv: FE-210	Arkivsaknr 12/916
-------------------------------	------------------	----------------------

Vintervedlikehald

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
18.04.2013	Notat frå rådmannen om handsaming i kommunestyret	40349
11.04.2013	Rekneark - Vintervedlikehald 2005-2012 samla dokument	40089
11.04.2013	1-Tilbodsgrunnlag 290601	40074
11.04.2013	2-Tilbodsgrunnlag 030901	40075
11.04.2013	3-Vegliste 2001-2006	40076
11.04.2013	4-Tilbod og avtaler 2001-2006	40077
11.04.2013	5-Tilbodsgrunnlag 040908	40078
11.04.2013	6-Tilbod og avtaler 2006-2011	40079
11.04.2013	7-Tilbodsgrunnlag 150711	40080
11.04.2013	8-Vegliste 2011	40081
11.04.2013	9-Tilbod og avtaler 20011-2016	40082

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek rådmannen si saksutgreiing om utgifter til vintervedlikehald til orientering.

Handsaming i Formannskapet 16.04.2013:

Jan Ove Flaten stilte spørsmål om ugildskap. Han vart samrøystes kjend ugild. Vara: Johannes Juklestad.

Felles framlegg frå AP, H og uavhengig representant Johannes Juklestad:

1. Vintervedlikehaldet som av administrasjonen er beskrive som «kostnad ut over fastpris», er ikkje i samsvar med tilbodsgrunnlag, instruks og inngåtte kontrakter i 2010 og 2011. Formannskapet ber om at det blir gjennomført gjennomgang av rutinane med formål å unngå «kostnad ut over fastpris» seinare år.
2. Administrasjonen skal fakturere/vidarefakturere det som er beskrive som «kostnad ut over fastpris» for vinteren 2010-2011, til dei rette kontraktørane for dei rodene desse kostnadane knytter seg til.

Kontraktørane skal ha anledning til å klage på desse fakturane innan ein sett frist, og eventuelle klager skal handsamast i formannskapet.

Kontraktørane skal få tilbod om betalingsordning, og skal i såfall avtalast med administrasjonen.

Pkt 1 frå AP, H og uavhengig: 4 røyster

Pkt 2 frå AP, H og uavhengig: 4 røyster

FSK-017/13 Vedtak:

1. Vintervedlikehaldet som av administrasjonen er beskrive som «kostnad ut over fastpris», er ikkje i samsvar med tilbodsgrunnlag, instruks og inngåtte kontrakter i 2010 og 2011. Formannskapet ber om at det blir gjennomført gjennomgang av rutinane med formål å unngå «kostnad ut over fastpris» seinare år.
2. Administrasjonen skal fakturere/vidarefakturere det som er beskrive som «kostnad ut over fastpris» for vinteren 2010-2011, til dei rette kontraktørane for dei rodene desse kostnadane knytter seg til.

Kontraktørane skal ha anledning til å klage på desse fakturane innan ein sett frist, og eventuelle klager skal handsamast i formannskapet.

Kontraktørane skal få tilbod om betalingsordning, og skal i såfall avtalast med administrasjonen.

.....

Saksutgreiing:

Rådmannen føreset at bakgrunn for saka er kjent gjennom tidlegare saksutgreiingar og handsaming i kommunestyret, formannskapet og kontrollutvalet.

Kommunestyret gjorde 05.03.13 følgende vedtak

KST-011/13 Vedtak:

- 1. Det er tilsynelatende gjennomført feilutbetaling for inntil kr 430.000,- til brøytekontraktører vinteren 2010-2011.*
- 2. Rådmannen skal på neste formannskapsmøte legge fram oversikt over kontrakt som er inngått med brøytekontraktører i perioden 2000 – 2012. Oversikta skal vise kontraktsum og utbetalt sum for kvar kontraktør kvart år.*
- 3. Rådmannen skal sjekke juridisk grunnlag og moglegheit for tilbakebetaling av eventuelle utbetalinger utover kontrakt sum. Den juridiske vurderinga skal leggjast fram på neste møte i Formannskapet.*
- 4. Kommunestyret viser til brev frå rådmannen av 15.02.2013 og 07.09.2012.*
- 5. Kommunestyret viser særskilt til avsnitta «Tiltak som er sett i verk for å vere førebudd på liknande situasjonar» og «Retningslinjer for å handtere vintervedlikehald, og om desse er slik at dei kan nyttast til å handtere ein tilsvarende situasjon i framtida» på side 4 i brev frå Jølster kommune til Sekom-sekretariat av 07.09.2012.*
- 6. Kommunestyret ber om at rådmannen følgjer opp at det vert gjort ei evaluering av tilbudsdokumentasjon og instruks om vintervedlikehald og at desse vert drøfta i UPU i førekant av neste kontraktperiode for vintervedlikehald frå 2016/2017.*
- 7. Kommunestyret merkar seg at kontrollutvalet har innstilt på eit prosjekt inn mot innkjøp innan teknisk sektor som 1. prioriterte prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2013 – 2016.*

Formannskapet gjorde 19.03.13 følgende vedtak i saka.

FSK-011/13 Vedtak:

- 1. Administrasjonen skal til neste formannskapsmøte svare på punkt 2 i vedtaket frå kommunestyresak 11/13. I første omgang for perioden 2005 – 2012. I tillegg tilføyer formannskapet, og presiserer at kontraktsum og faktisk utbetalt sum skal vere skjematisk fordelt og synleggjort på kvar enkelt rode. I tillegg til at den viser kontraktøridentitet til dei enkelte rodene. Dette som eit minimumskrav.*
- 2. Til neste møte, skal alle tilbudsgrunnlag, kontrakter og instruksar for førre kontraktsperiode leggjast ved saksutgreiinga, i sin heilhet. I tillegg skal det opplysast kva eventuelle endringar desse har i forhold til førregående og inneværande kontraktsperiode.*

Rådmannen vil i saksutgreiinga svare på pkt. 1. og 2. i FSK vedtak 011/13.

Pkt 1. gjennomgang av utbetalinger til vintervedlikehald

Administrasjonen har gått gjennom alle utbetalinger for perioden vinteren 2005 til og med vinteren 2012. Som vedlegg finn ein oversyn over utbetalt sum pr. fastpriskontraktør og utbetalinger til tilbydarar utan fastpriskontrakt for heile perioden. For nokre område utan fastpriskontrakt er det avtalt timepris. Utgifter til strøing og strøsand, flaumskade/forebygging, salt/tinging og brøytestikke er ikkje kommentert i saksutgreiinga. Vedlegga syner kva sum som er utbetalt, og i merknadsfeltet er det forklart kva føremål utbetalinga har dekt.

Samla sum utbetalt på fastpris i samsvar med kontrakt i perioden vinteren 2005 – 2012 er kr. 8.860.485,-. Variabel kostnad til kontraktører med fastprisavtale for arbeid i område der dei har fastpriskontrakt er kr. 238.820,-. Dette utgjør 2,7 % av samla utbetaling på fastpriskontrakt. I tillegg har kontraktører med fastpriskontrakt fått utbetalt kr. 182.146,- for arbeid i område som ikkje er omfatta av rode/fastpriskontrakt. Samla variabel kostnad til

kontraktørar med fastpriskontrakt er kr. 420.966,-. Dette utgjer 4,75 % av kontraktsum for same periode.

Det er i tillegg utbetalt samla kl. 454.750,- til tilbydarar utan fastpriskontrakt i same periode. Av dette er kr. 116.895,- betaling for arbeid i område/rode med fastpriskontrakt.

Viss ein ser særskilt på vinteren 2010-2011 er utgifter til brøyting og bortkøyring av snø ut over fastpriskontrakt kr. 355.715,-, fordelt på kr. 238.830,- til kontraktørar med fastprisavtale og kr. 116.895,- til andre tilbydarar. For dei øvrige åra er variabel kostnad samla kr. 556.001,-.

Forskrift til Lov om offentlege anskaffingar § 2-2 gjev terskelverdiar for offentlege anskaffingar, og det er ulike krav alt etter kva verdi anskaffinga har. I denne saka er det tal om kjøp av tenester for under kr. 500.000,-. Anbudsreglane i del II og III i forskrifta gjeld ikkje ved kjøp av prioriterte tenester (t.d. vedlikhald) under kr. 500.000,-. Del I av forskrifta gjeld for alle offentlege anskaffingar. Innkjøp regulert etter del I i forskrifta vert ofte omtalt som «direkte anskaffingar». Forskrift til Lov om offentlege anskaffingar §3.1 gjev spesifikasjon av krav til anskaffingar sett i § 5 i lova.

§ 3-1 Grunnleggende krav for alle anskaffelser

(1) Enhver anskaffelse skal så langt det er mulig være basert på konkurranse uansett hvilken anskaffelsesprosedyre som benyttes.

(2) Oppdragsgiver skal ikke diskriminere leverandører på grunn av nasjonalitet eller lokal tilhørighet.

(3) Oppdragsgiver skal ikke dele opp en planlagt anskaffelse i den hensikt å unngå at denne forskrift kommer til anvendelse.

(4) Konkurranser skal gjennomføres på en måte som innebærer lik behandling av leverandører og med mulighet for leverandører til å bli kjent med de forhold som skal vektlegges ved deltagelse og tildeling av kontrakt.

(5) Oppdragsgiver skal gjennomføre konkurransen på en måte som står i forhold til anskaffelsen.

(6) Konkurransen skal gjennomføres i samsvar med god anbuds- og forretningsskikk.

(7) Oppdragsgiver skal fortløpende sikre at de vurderinger og den dokumentasjon som har betydning for gjennomføringen av konkurransen er skriftlig, slik at en tredjeperson eller et klageorgan i ettertid kan få en god forståelse av oppdragsgivers vurderinger og upartiskhet.

(8) Oppdragsgiver skal under planleggingen av den enkelte anskaffelse ta hensyn til livssyklus-kostnader, universell utforming og miljømessige konsekvenser av anskaffelsen.

Det er klart at det ikkje er gjennomført full konkurranse etter regelverket for innkjøpa 2010 - 2011. Forskrifta § 3-1, pkt 1 seier at alle anskaffingar «så langt det er mogeleg» skal vere basert på konkurranse. Rettleiar til lov om offentlege anskaffingar trekker fram at det kan vere grunnlag for å fråvike reglane i loven ved «force majeure-liknande tilhøve». I slike situasjonar må ein vurdere om anskaffinga ikkje kan utsetjast til konkurranse er gjennomført (Rettleiar til lov om offentlege anskaffingar, kap. 7.3.2). Unntaket her gjeld hovudsakleg unntak for reglane i forskrifta del II og III, men gjev likevel retningslinjer for heile forskrifta.

Ut frå tidlegare drøftingar i saka synast det som at kommunestyret og formannskapet meiner at rådmannen ikkje skulle gjort nokon form for tilleggsutbetaling til fastpriskontraktørar, og at fastpriskontraktane dekkjer alle situasjonar og tilhøve som måtte oppstå. Rådmannen vurderer at utbetaling til fastpriskontraktørar for tilleggsarbeid i område/rode med fastpriskontrakt med kr. 238.820,-/2,07 % av kontraktsum over ein periode på sju år er forsvarleg. Denne kostnaden kom vinteren 2010 – 2011. Dette syner at denne vinteren var særskilt utfordrande i høve snømengd, framkome og trafikktryggleik. Rådmannen meiner ein må sjå denne summen

opp mot praksis i alle åra. Samla sett vurderer rådmannen at utført praksis som er forsvarleg men at det sjølvstakt er ønskeleg å unngå slike tilleggsubetalningar. Det er likevel rådmannen si vurdering at ein meir omfattande kontrakt som potensielt kan dekkje alle tilfelle, vil medføre auka kostnader på fastpriskontraktar. Vinteren 2010 – 2011 vart det vurdert at det ikkje var mogeleg og forsvarleg å gjennomføre konkurranse for kjøp av tilleggstenestene frå fastpriskontraktørar. Omsynet til trafikktryggleik, liv og helse vart vurdert å måtte gå føre reglane i Lov om offentlege anskaffingar. Ut frå ein samla gjennomgang av utbetalingane som er vedlagt kan ikkje rådmannen sjå at det er gjort forfordeling av einskilde fastpriskontraktørar.

Pkt 2. Tilbudsgrunnlag, kontraktar og instruks

Brøytesesongen 2001- 2006 vart lyst ut to gonger på grunn av lita interesse. Brøytesesongen 2006 - 2011 gjekk som normalt, men Jølster Anleggsservice v/ Geir Felde og Henning Støylen sa opp avtalene sine i 2008. Det vart då tatt ein ny konkurranse der Kjell Åge Fluge og Johnny Hundvebakke fekk tildelt kontrakt. Brøytesesongen 2011-2016, var gjennomført med kontraktsforhandlingar. Det er ført protokoll på alle forhandlingar.

Alle tilbudsgrunnlag, kontraktar, protokoll for kontraktsforhandlingar og instruks ligg vedlagt. Vedlagt ligg og oversyn over dei einskilde roder.

Det er ikkje gjort vesentlege endringar i kontrakt eller instruks i perioden, men for brøytesesongen 2011 – 2016 er det gjennomført kontraktsforhandlingar mellom partane for å avklare eventuelle uklarheiter eller naudsynte presiseringar i kontraktane.

Det er i tillegg gjort endringar i kontrakt som følgje av endring i roder jamfør, tilbudsgrunnlag der det mellom anna står:

«Endring av veg og veglengder i kontraktperioden gjev rett til forhandlingar av alternativet med fast årlege godtgjersle.

Som eit utgangspunkt for denne endringa vil godtgjersla bli endra proporsjonalt med endringa i veglengda.»

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	18.12.2012	SEKOM- sekretariat	Meirforbruket på vintervedlikehaldet
3	U	15.02.2013	SEKOM sekretariat	Utfyllande informasjon om meirforbruk på vintervedlikehald 2010/11
5	I	28.02.2013	SEKOM- sekretariat	Kontrollutvalsak 003/13 Vintervedlikehaldet 2010/2011

012/13 ÅRSREKNESKAPEN 2012 - JØLSTER KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 26.04.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	13.05.2013	012/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Forslag til fråsegn frå kontrollutvalet i Jølster kommune.
- Årsmelding (Sendt til Ipad)
- Rekneskap 2012 (Sendt til Ipad)
- Revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon datert 15.04.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Sjå vedlagte uttale frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2012 for Jølster kommune, datert 08.05.2013.

KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN TIL KOMMUNESTYRET:

ÅRSREKNESKAPEN 2012 - JØLSTER KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og godkjenning av årsrekneskapen 2012 for Jølster kommune.

Saksopplysningar:

Sekretariatet viser til §§6, 7 og 8 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004. Sjå nedanfor. Desse heimlar kontrollutvalet sitt ansvar i samband med revisjon og presentasjon av rekneskapen.

Det er formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve sin uttale.

§ 6. Regnskapsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap og kommunale eller fylkeskommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.

§ 7. Uttalelse om årsregnskapet

Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidsnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.

§ 8. Oppfølging av revisjonsmerknader

Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 4, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp.

Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader er blitt fulgt opp.

Etter §7, skal kontrollutvalet altså gje ein uttale til rekneskapen som skal stilast til kommunestyret. Formannskapet skal ha kopi av uttalen. Forslag til uttale ligg ved. Til grunn for uttalen ligg revisjonsmeldinga, årsmeldinga og rekneskapen.

Administrasjonen v/rådmann og fagansvarleg for rekneskap er innkalla til møtet og er budde på å gje nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

KRYSS-revisjon er innkalla til møtet. Dei er og budde på å svara på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gloppen, Gaular, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Til
Kommunestyret i Jølster

Skei i Jølster 08.05.2013

FRÅSEGN FRÅ KONTROLLUTVALET OM ÅRSREKNESKAPEN 2012 FOR JØLSTER KOMMUNE

Årsrekneskapen 2012 for Jølster kommune er handsama i kontrollutvalet i Jølster 08.05.2013.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

- Den avlagte årsrekneskapen for 2012.
- Årsmelding 2012.
- Revisjonsmeldinga frå KRYSS-revisjon datert 15.04.2013.

Årsrekneskapen er levert av rådmann. Rekneskapen viser eit brutto driftsresultat (overskot) på kr. 13,909 mill. og eit netto driftsresultat (overskot) på kr. 10,647 mill. Etter at det er teke omsyn til interne finansieringstransaksjonar er rekneskapen gjort opp med eit mindreforbruk på kr. 4,015 mill. Det er kommunestyret som disponerer mindreforbruket.

Driftsbudsjettet på inntektssida var kr. 231,288 mill. Rekneskapen viser kr. 261,996 mill. Det er "Overføringar med krav til motytingar" der bl.a. refusjonar i samband med sjukefråvær og fødselspermisjonar ligg inne som bidreg til meirinntekter i høve til revidert budsjett. Avviket skuldast at det ikkje er budsjettert med sjukefråvere.

Driftsbudsjettet på kostnadssida var kr. 216,495 mill. Rekneskapen viser kr. 248,087 mill. «Lønsutgifter» bidreg mest til overforbruket. Avviket skuldast at det ikkje er budsjettert med bruk av vikarar. Dessutan er det ikkje budsjettert med "Avskrivingar".

Kontrollutvalet hadde tilsvarande kommentar om «Avskrivingar» til driftsrekneskapen for 2010 og 2011.

Brutto driftsresultatet er kr. 0,885 mill. dårlegare enn budsjettert. Etter finanspostane og motpost avskriving kjem ein ut med eit netto driftsresultat på kr. 8,301 mill. betre enn budsjettert.

Av årsrekneskapen og årsmeldinga går det fram at tenestedområda har resultat med relativt lite avvik i høve til justert budsjett. Samla har einingane eit forbruk som er 2.165 mill. under budsjett. Kontrollutvalet viser til årsmeldinga side 4 og utover for nærare detaljar.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gloppen, Gaular, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse. Kontrollutvalet viser til revisor sit atterhald i revisjonsmeldinga om tilhøvet kring at det ikkje er føreteke fullstendig opprydding i investeringsprosjekt bokført som «anlegg under oppføring» og «utstyr under installasjon». Revisor har gjeve presisering om tilhøvet i revisjonsmeldinga dei siste åra. Kontrollutvalet har bedt om at det vart ordna opp i desse tilhøva også i 2011. Det har ikkje vore lagt fram prosjektrekneskap for kontrollutvalet i 2012.

Gjeldsgrada til kommunen er redusert frå 84,7 % i 2011 til 83,8 % i 2012.

Likviditeten synest å vere rimeleg bra. Jølster kommune har positiv arbeidskapital pr. 31.12.2012

Vi vil utover denne vise til årsmeldinga.

Vi viser også til revisjonsmeldinga. Revisor har ei presisering i revisjonsmeldinga.

Med det atterhald revisor har gjort, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen 2012 for Jølster kommune kan godkjennast slik han ligg føre.

Audun Høyvik
-leiar-

Vigdis Tonning
-nestleiar-

Tom Erik Sandal
-medlem-

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

Jølster kommune
v/ kommunestyret

kopi:

kontrollutval
formannskap
rådmann

6843 Skei

Dykkar ref.:

Vår ref. :
//rev.mld. jølster 2012

Arkivkode :
216

Journalnr. :
010/2013

Dokumentdato:
15.4..2013

REVISJONSMELDING 2012.

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Jølster kommune per 31.12.2012 som syner eit positivt netto driftsresultat på kr 10.646.876,-. Etter at det er teke omsyn til interne finanstransaksjonar, viser rekneskapen eit mindreforbruk på kr 4.015.326,- som det ligg til kommunestyret å disponere. Årsrekneskapen består av balanse per 31. desember 2012, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege nytta rekneskapsprinsipp og andre noteopplysningar.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal bokføringskikk, og for slik intern kontroll som leiinga finn naudsynt for å gjere det mulig å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misleghald eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentlig feilinformasjon, enten det skuldast misleghald eller feil. Ved slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjons-handlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar og ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsipp er hensiktsmessige og om rekneskapsestimata utarbeida av leiinga er rimelige, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon:

Etter vår meining er årsrekneskapen avlagt i samsvar med lov og forskrift og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Jølster kommune per 31. desember 2012, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal bokføringsskikk i Norge. Vi tek atterhald om følgjande:

Atterhald:

Revisjonen syner til presieringar i tidlegare revisjonsmeldingar. Vi registrerer at det fortsatt ikkje er foreteke fullstendig opprydding i investeringsprosjekt bokført som «anlegg under oppføring» og «utstyr under installasjon». Vi gjer merksam på at det har konsekvensar for rekneskapen at anleggs-middel ikkje kjem til avskrivning når dei skal.

Uttale om øvrige forhold*Konklusjon om budsjett*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett ; jf. likevel vårt atterhald nedanfor.

Atterhald:

Lov om kommunar og fylkeskommunar §§ 46 og 47, omhandlar årsbudsjettet sitt innhald og bindande verknad. I denne samanheng viser vi til dei registrerte avvika som går fram av økonomisk oversikt drift og investering .

Konklusjon om årsmeldinga


Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrift.


Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i henhold til international standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000

"Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller begrensa revisjon av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av Jølster kommune sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal bokføringsskikk.

Førde, 15. april 2013


Postboks 487, 6801 Førde
Terje Førde
Revisjonssjef
E-post: leiar@revisjonssjef.no


Kari Håheim Sygna
Kommunerevisor I

013/13: FORVALTNINGSREVISJON - VAL AV PROSJEKT - JØLSTER

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat
Dato: 23.04.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	08.05.2012	013/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

Dokument i saka

-

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Dokumentet Overordna analyse Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt 2013 - 2016 Jølster kommune.
- Plan for forvaltningsrevisjon for Jølster kommune 2013 – 2016.
- Kommunestyrevedtak 012/13 «Plan for forvaltningsrevisjon»
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- RSK 001

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet ynskjer å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjektet.....
- SEKOM-sekretariat får i oppgåve å utforme tinging av prosjektet til neste møte i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

FORVALTNINGSREVISJON - VAL AV PROSJEKT – JØLSTER

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Kontrollutvalet har ansvar for at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon årleg. Kontrollutvalet skal velje nytt prosjekt.

Saksopplysningar:

Forvaltningsrevisjon er heimla i kapittel 5 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Kap. 5. Kontrollutvalgets oppgaver ved forvaltningsrevisjon

§ 9. Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årleg blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel.

Forvaltningsrevisjon kan utføres av andre enn den som er ansvarlig for revisjon av kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap eller et kommunalt eller fylkeskommunalt foretaks årsregnskap.

§ 10. Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.

§ 11. Rapporter om forvaltningsrevisjon

Med utgangspunkt i planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, skal kontrollutvalget avgi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvilke forvaltningsrevisjoner som er gjennomført og om resultatene av disse, jf. § 8 i forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner.

§ 12. Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporter

Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.

Kontrollutvalet skal sjå til at verksemda i kommunen årleg vert gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Det vart i 2012 gjennomført overordna analyse som no er grunnlag for arbeidet med forvaltningsrevisjon. KRYSS-revisjon utarbeidde ein rapport der fleire alternative prosjekt er nemnde

Kontrollutvalet fekk presentert overordna analyse av KRYSS-revisjon i møte 17.12 2012 i sak 023/12 «Overordna analyse – Jølster kommune».

På grunnlag av denne rapporten og innspel frå administrasjonen utarbeidde kontrollutvalet i sak 004/13 ei tilråding til kommunestyret. Jølster kommunestyret fatta den 05.03.2013 følgjande vedtak i saka i samsvar med kontrollutvalet si tilråding

- *Kommunestyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Jølster kommune for perioden 2013 – 2016.*
- *Planen har i utgangspunktet følgjande prioritering av prosjekt:*

- 1. Innkjøpsrutinar Teknisk sektor.*
- 2. Oppfølging av sjukefråvær.*
- 3. Sikring og bruk av kunst.*

- *Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.*

Oppgåva til kontrollutvalet blir no å velje kva forvaltningsrevisjonsprosjekt ein skal tinge, med utgangspunkt i Plan for forvaltningsrevisjon Dette bør avgrensast/spesifiserast så mykje som mogeleg, slik at det gjev sekretariatet høve til å utforme heilt spesifikk tinging til revisjonen.

I planen for forvaltningsrevisjon 2013 – 2016 er det forslag at kommunestyret gjev kontrollutvalet høve til å endre prioritering av prosjekt og evt. velje andre prosjekt enn dei som står i planen.

Etter val av prosjekt vil SEKOM-sekretariat forme ei tinging som vert handsama i neste kontrollutvalsmøte.

Sekretariatet sine vurderingar:

014/13 OPPFØLGINGSLISTE 2-2013 JØLSTER

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 26.04.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	08.05.2013	014/13	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 2-2013 Jølster.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 2-2013 vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 2-2013 JØLSTER

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 26.04. 2013.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 2-2013 - Jølster.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Jølster kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
04/10 Tiltak kontrollutvalsarbeid	15.02.10		15.02.10 Vedtak KU - Orientering om drifta på dei ulike områda - Tertialrapportar. - Tilsynsrapportar frå fylkesmannen - Kvalitetsrapportar revisor - Orientering frå revisor
11/12 Orientering om vintervedlikehaldet v/rådmannen.	10.05.12		10.05.12 Vedtak KU Ber om skriftleg orientering. 11.05.12 s brev til Jølster kommune.
13/12 Eventuelt.	10.05.12		10.05.12 Vedtak KU – Be kommunen om å leggje møteplan inn på kommunen sin elektroniske møteplan. 11.05.12 s e-post til kommunen.
016/10 Forvaltnings revisjonsprosjekt ”Verknad av organisasjonsendring ved pleie- og omsorgstenesta i 2006”	28.09.12		28.09.12 Vedtak i KU – Det vert vist til revisjonsrapporten «Verknad av organisasjonsendring ved pleie- og omsorgstenesta i 2006», datert 04.09.2012. Funna i rapporten bør brukast vidare i kommunen si planlegging av pleie- og omsorgstenesta, særskilt i samband med samhandlingsreforma. 01.10.12 Rapport sendt over til kommunestyret med tilråding til vedtak. 13.11.12 Vedtak kst sak 067/12
017/12 Orientering om vintervedlikehaldet v/rådmannen.	28.09.12		- 28.09.12 Vedtak i KU – Kommunestyret viser til brev frå rådmann - Kommunestyret viser til kontrollutvalssak 018/12 Kommunestyret tek orienteringa frå rådmannen til vitande. 01.10.12 Rapport sendt over til kommunestyret med tilråding til vedtak.
023/12 Overordna analyse – Jølster kommune			17.12.12 Vedtak i KU - Det vert vist til dokumentet «Overordnaanalyse for Jølster kommune» med vedlegg, datert 09.11.2012 og presentasjon av Overordna analyse av KRYSS-revisjon i møtet. Overordnaanalyse vert å nytte som grunnlag for å prioritere prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2016. Plan for forvaltningsrevisjon vert lagt fram som eiga sak på neste møte.
024/12 Orientering – Vintervedlikehaldet v/rådmannen	17.12.12		17.12.12 Vedtak i KU - Kontrollutvalet viser til kommunestyrevedtaket 068/12 «Vintervedlikehald» den 13.11 2012. Kontrollutvalet ber rådmannen utdjupe nærmare spørsmål i strekpunkt 2 og 3 i brev «Meirforbruk av vintervedlikehaldet» frå kontrollutvalet til Jølster kommune den 11.05.2012: -Kva som var grunnlag for betaling til kontraktørane utover det som var kontraktfesta. -Om det vart gjort likebehandling av kontraktørane i samband med ekstrabetaling. Kontrollutvalet ber om tilbakemelding frå rådmann innan 1. februar 2013.

			18.12.12 Sendt brev til rådmannen. Ikkje motteke svar
025/12 Plan for selskapskontroll - Jølster kommune	17.12.12		17.12.12 Vedtak i KU – Planen for selskapskontroll i Jølster kommune for perioden 2012 – 2015 vert godkjent. 18.12.12 Saka sendt til KS
001/13 Godkjenning innkalling og sakliste.	17.12.12		26.02.13 Vedtak i KU – Ingen merknadar til innkalling og sakliste.
002/13 Skriv og meldingar.	26.02.13		26.02.13 Vedtak i KU – Skriv og meldingar vert tekne til vitande.
003/13 Vintervedlikehaldet 2010/2011	26.02.13		26.02.13 Vedtak i KU – Kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret: - Kommunestyret viser til brev frå rådmannen av 15.02.2013 og 07.09.2012. - Kommunestyret viser særskilt til avsnitta «Tiltak som er sett i verk for og vere førebudd på liknande situasjonar» og «Retningsliner for å handtere vintervedlikehald, og om desse er slik at dei kan nyttast til å handtere ein tilsvarande situasjon i framtida» på side 4 i brev frå Jølster kommune til Sekom-sekretariat av 07.09.2012. - Kommunestyret ber om at rådmannen følgjer opp at det vert gjort ei evaluering av tilbodsdokumentasjon og instruks om vintervedlikehald og at desse vert drøfta i UPU i førekont av neste kontraktperiode for vintervedlikehald frå 2016/2017. - Kommunestyret merkar seg at kontrollutvalet har innstilt på eit prosjekt inn mot innkjøp innan teknisk sektor som 1. prioriterte prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2013-2016. 28.02.13 Sendt til Kst.
004/13 Plan forvaltningsrevisjon – Jølster kommune.	26.02.13		-26.02.13 Vedtak i KU - Tilråding frå kontrollutvalet til kommunestyret: Kommunestyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Jølster kommune for perioden 2013 – 2016. -Planen har i utgangspunktet følgjande prioritering av prosjekt: 1. Innkjøpsrutinar Teknisk sektor. 2. Oppfølging av sjukefråvær. 3. Sikring og bruk av kunst. -Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt eller endre prioritering i perioden. 28.02.13 Sendt til Kst.
005/13 Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Jølster	26.02.13		26.02.13 Vedtak i KU – Kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret: Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Jølster kommune vert godkjent. 28.02.13 Sendt til kst.
006/13 Eigenvurdering oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit.	26.02.13		26.02.13 Vedtak i KU – Det er kontrollutvalet sitt ansvar at ansvarleg revisor kvart år dokumenterer si uavhengigheit. Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Jølster kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av

			uavhengigheit datert 11.02.2013 til vitande. Saka vert sendt til kommunestyret til orientering. 28.02.13 Sendt til Kst. til orientering.
007/13 Møteplan for kontrollutvalet i Jølster 2013	26.02.13		26.02.13 Vedtak i KU – Møteplan for kontrollutvalet i Jølster vert godkjent.
008/13 Oppfølgingsliste 1-2013 Jølster	26.02.13		26.02.13 Vedtak i KU – Oppfølgingsliste 1-2013 vert teken til vitande.
009/13 Eventuelt	26.02.13		26.02.13 Vedtak i KU – Kontrollutvalet ber om at møteplan for kontrollutvalet vert lagt inn i møteplanen kommunen sin plan på Jølster kommune si heimeside.

Oppdatert 26.04.13.

015/13 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 26.04.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	08.05.2013	015/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.